



Elin Enes helsar alle velkomne til opninga laurdag 25. februar.

Elins Matgleder utvidar sitt tilbod med eigen delikatesseavdeling. Opninga i 'silobutikken' vert laurdag 25. februar, fastelavenshelga. Frå interiørmessa på Lillestrøm har Elin henta inspirasjon til design og vareutval. Av spennande matvarer vert det eit variert utval mellom anna i marmelade, olje og pesto.

Delikatesse er det nokon på folkemunne kallar lekkerbiskjen, ein god matrett. Ein delikatesseforretning er ein plass der du handlar finare matvarer. Elin vil gje kundane sine matglede ved å inspirera og motivera til å laga mat sjølv, gjerne etter å ha delteke på kurs. Elin vil leva opp til det ein ofte seier etter ein sjeldan og god matrett: Maten var ein rein delikatesse.

Eit utvida areal med siloen opnar også opp for auka produksjon i verksemda. Det gjeld særleg matvarer som sjokolade, konfekt og kjeks. Elin Enes sine lokale og produksjon er alt i dag ein attraksjon i Kvinnherad. Med nyrestaurert silo og dertil eigna interiør vert dette konseptet forsterka.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal